

# Arbeidsplan for Rogaland Bygdeungdomslag 2022 – 2024

## Mål 1: Oppretthalde god økonomi

**Bakgrunn:** Oppretthalde god økonomi, og sikre nye og gamle samarbeidsavtaler.

**Formål:** Bærekraftig og framtidsretta økonomi.

### Tiltak:

- Skaffe samarbeidsavtaler til Rogaland Bygdeungdomslag.
- Vedlikehalde/oppretthalde gamle samarbeidsavtaler.
- Gjennomgang av førebels budsjett og rekneskap kvart kvartal.
- Kontinuerleg kontakt med rekneskapsførar.

## Mål 2: Jobba for meir varierende aktivitet

**Bakgrunn:** Rogaland Bygdeungdomslag vil ha meir fokus på alkoholfrie aktivitetar.

**Formål:** Bidra til å skapa eit positivt omdømme for organisasjonen, i tillegg til å tilby eit større utval av aktivitetar.

### Tiltak:

- Rogaland Bygdeungdomslag sitt fylkesstyre går fram som eit godt eksempel i arrangering av alkoholfrie arrangement.
- Fylkesstyret skapar motivasjon i sine kontaktag til å arrangera alkoholfrie arrangement.
- Oppfordra til å besøka andre lokallag sine aktivitetar.
- Motivera og leggja aktivt til rette for kulturaktivitetar.
- Alle medlemmar skal ha tilbod om friluftaktivitetar.
- Samarbeida med andre organisasjonar om meir varierende alkoholfrie arrangement.

## Mål 3: Rogaland Bygdeungdomslag har meir fokus på profilering.

**Bakgrunn:** Rogaland bygdeungdomslag er for lite i media.

**Formål:** Spreie informasjon og positiv omtale om bygdeungdommen.

### Tiltak:

- Oppretthalde ei aktiv nettside, Facebook-side og Instagram-konto.
- Positive pressemeldingar til dei lokale avisa.
- Bygdepolitiske uttalar/lesarinnlegg i dei lokale avisa.
- Ta på oss oppdrag som kan gje positiv media dekning.
- Samarbeida med andre organisasjonar.
- Ha fleire profileringsartiklar.
- Sette av prioriterte midlar i budsjettet til profileringsartiklar.

**Mål 4: Oppretthalde ei aktiv og engasjert medlemsmasse.**

**Bakgrunn:** Rogaland Bygdeungdomslag hadde i 2015 1150 medlemmar medan i 2021 var talet redusert til 714.

**Formål:** Rogaland Bygdeungdomslag ynskjer å få fleire medlemmar, samstundes som me vil redusera utskifting i medlemsmassen. Arbeida målretta for å auke medlemstalet, samt oppretthalde ei aktiv og engasjert medlemsmasse.

**Tiltak:**

- Samarbeide med andre ungdomsorganisasjonar.
- Gjennomføre Aksjonsveka kvart år.
- Gjennomføre Vårsprell kvart år.
- Arrangera variert aktivitet for vår målgruppe.
- Gjere aktivitetane meir synleg slik at fleire ynskjer å delta.
- Ta kontakt direkte for å skape engasjement rundt arrangement.

**Mål 5: Arbeide for å oppretthalde kvalitet i dei 10 lokallaga vi har i fylket**

**Bakgrunn:** Rogaland Bygdeungdomslag har kommet seg helskinnet gjennom covid-19 nedstengingen med alle sine 10 lokallag, mykje takket være lokallagas eget pågangsmot. Samtlige lokallag fått godkjent årsmeldinga 2 år på rad. Vi ser derfor muligheten til å starte nye lokallag, i tråd med NBU langtidstrageti 2020-2025 om et mål på 112 lokallag.

**Formål:** Rogaland Bygdeungdomslag sine lokallag skal vera aktive og engasjerte.

**Tiltak:**

- Starte opp 2 (to) ny lokallag i fylket.
- Lagsutviklar har ekstra oppfølging av lokallag som er i en tøff periode.
- Arbeida for at 20% av medlemsmassen reisar på Landsstevnet.
- Arbeida for at 4% av medlemsmassen reisar på Haustarrangementet.

**Mål 6: Tilby medlemmane kurs innan tevling, kultur og organisatorisk arbeid.**

**Bakgrunn:** Gi tillitsvalte og medlemmar meir kompetanse.

**Formål:** Leggje til rette for at medlemmane får moglegheit til å delta på ulike kurs.

**Tiltak:**

- Alle lokallag skal sende heile styret på Haustkurs.
- Sørge for at det vert arrangert tevlingskurs som samsvarar med meisterskapsplanen.
- Arrangera swingkurs minimum ein gong i året.
- Arrangera valkomitèkurs for valkomiteane i lokallaga.
- Medlemmane skal ha tilbod om å delta på fyrstehjelpskurs.

**Mål 7: Auke fokuset på tevling.**

**Bakgrunn:** Det opplevast at det er lite fokus på tevling. Me ynskjar å endra dette, og få fram til alle medlemmar at tevling er noko som alle kan delta på, og som ikkje krev mykje forkunnskap og erfaring.

**Formål:** Tevling skal være attraktivt blant medlemsmassen både for noverande og nye medlemmar.

**Tiltak:**

- Sørgja for at det vert arrangert tevlingskurs.
- I forkant av kvar tevlingsdag til RBU skal det arrangerast tevlingskurs for minst ein av tevlingane på den aktuelle tevlingsdagen.
- Sørgja for at det blir arrangert lavterskel tevlingar.
- Leggje til rette for auka tevlingsdeltaking på sentrale arrangement, i sær Landsstemnet.
- Oppfordra erfarne tevlaras til å danne nye tevlingslag.
- Arrangera minst to tevlingsdagar i samarbeid med eit lokallag i tråd med meisterskapsplanen.
- Motivera lokallag til å arrangera tevlingar.
- Oppfordra lokallag til å ta kontakt med tevlingsledar.

**Mål 8: Kompetanseheving på fylkesnivå.**

**Bakgrunn:** For lite opplæring av tillitsvalte i Fylkesstyret.

**Formål:** Fylkesstyremedlemmane skal få auka kompetansen i organisatorisk arbeid, og vere rusta til å drive organisasjonen på ein bærekraftig, engasjert og framtidsretta måte.

**Tiltak:**

- Arrangera intern kurshelg for tillitsvalte i fylkesstyret.
- Sende medlemmar av fylkesstyret på eksterne kurs.
- Ha eit aktivt ledartreningsutval (LU).
- Behalde gode tillitsvalte så lenge som mogleg.
- Heile fylkesstyret skal delta på Vårkurs.

**Forslag til Vedtak:**

Den endelige arbeidsplanen vert publisert på Rogaland Bygdeungdomslag sine nettsider slik at den er lett tilgjengelig for alle i fylkeslaget.